
Fra: Vardøy, Siren Økland [mailto:fmhosva@fylkesmannen.no]

Sendt: 6. desember 2013 15:44

Til: Postmottak KD

Kopi: Helle.Kristin.Jensen@kd.dep.no

Emne: Høringsuttale om forslag til endringer i opplæringslov, privatskulelov og folkehøgskulelova med høringsfrist 6. desember 2013.

Hei,

Eg viser til høyringa om forslag til endringar i opplæringslov, privatskulelov og folkehøgskulelova med høringsfrist 6. desember 2013.

Fylkesmannen i Hordaland har allereie sendt inn eit svar på denne høyringa, men har ytterligare merknader og kommentarar til høringsforslaget. Fylkesmannen i Hordaland er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga og det er på denne bakgrunnen desse merknadane og kommentarane blir sendt inn.

Med venleg helsing

Siren Økland Vardøy



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Siren Økland Vardøy, 55 57 22 77

Vår dato
06.12.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/15755
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Svar på høyring om forslag til endringar i opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova

Eg viser til høyringa om forslag til endringar i opplæringslov, privatskulelov og folkehøgskulelova med høyringsfrist 6. desember 2013.

Fylkesmannen i Hordaland har allereie sendt inn eit svar på denne høyringa, men har ytterligare merknader og kommentarar til høyringsforslaget. Fylkesmannen i Hordaland er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga og det er på denne bakgrunnen desse merknadane og kommentarane blir sendt inn.

Lovfesta grunnskuleopplæring

Fylkesmannen i Hordaland ser det som positivt at lovteksten blir endra slik at fylkeskommunanes ansvar for grunnskuleopplæring følgjer direkte av lova. Det vil vere i tråd med gjeldande praksis som er basert på avtala mellom staten og den enkelte fylkeskommune med verknad frå 1. januar 1989 og tilskotsordninga for feltet.

Lokale til opplæring

Ansvaret for å tilby eigna undervisningslokale med fast inventar i fengsla er definert i Rundskriv G-1 2008 til å vere kriminalomsorgas ansvar. Forslaget til lovtekst seier berre «nødvendige lokale til formålet». I vurderingane sine føreslår departementet at ansvaret for lokale medfører ansvar for både lokale til opplæringa og nødvendige tilleggslokale når opplæringa skjer i fengselet (sjette avsnitt, s13f). Fylkesmannen i Hordaland foreslår at forslaget til lovtekst blir endra i samsvar med departementets vurderingar til: «Dersom opplæringa skjer i fengselet, skal fengselet sørge for eigna lokale til opplæring og nødvendige tilleggslokale».

Spesialpedagogisk hjelp

Forslaget seier at fylkeskommunane skal ha ansvar for spesialpedagogisk hjelp og departementet viser til kapittel fem i opplæringslova i samband med dette. Spesialpedagogisk hjelp er nemnd i opplæringsloven §5-7, og då i samband med hjelp før opplæringspliktig alder.

Fylkesmannen i Hordaland foreslår å byte ut omgrepet «spesialpedagogisk hjelp» med «spesialundervisning» i lovforslaget.

Retten til oppl ring

Fylkesmannen i Hordaland oppfatar utdanning og oppl ring som ein integrert del av arbeidet med tilbakef ring til samfunnet, uavhengig av kva samfunn ein skal tilbakef rast til.

Fylkesmannen i Hordaland registrerer at departementet viser til dei folkerettslege forpliktingane Noreg har p  feltet (andre avsnitt, s. 12).

I h yringsnotatet p peikar ogs  departementet at fylkeskommunane st r fritt til   gje meir oppl ring og undervisning enn kva dei er p lagt etter oppl ringslova. Fylkesmannen i Hordaland oppfatar dette som om oppl ringstilbodet i kriminalomsorga ikkje n dvendigvis er avgrensa til innsette med rett etter oppl ringslova.

Praktiske og  konomiske konsekvensar

Det blir understreka i h yringsforslaget at endringane verken skal f  praktiske (tredje avsnitt, s.14) eller  konomiske konsekvensar (sjuande avsnitt, s. 14). Fylkesmannen i Hordaland vil p peike at den foresl tte lovteksten kan opne for b de praktiske og  konomiske konsekvensar. Dagens tilskotsordning er basert p  budsjettinnspel fr  fylkeskommunane, ikkje p  ei ordning der fylkeskommunane har «rett til refusjon av utgifter til oppl ringa fr  staten, etter satsar fastsett av departementet».

Det blir p peikt i forslaget at endringsforslaga medf rer at avtala mellom fylkeskommunane og staten fell bort. Fylkesmannen i Hordaland vil understreke at denne avtala regulerer meir enn berre kva type oppl ring som skal bli gjeve.

I merknadane til lovforslaget (sjette avsnitt, s. 15) fastsl r departementet at fylkeskommunane skal kompenseras fullt ut for oppl ring som blir gjeve rettigheitslevar. Fylkesmannen i Hordaland stiller sp rsm l ved kva denne formuleringa tyder og ser ikkje at denne formuleringa er i samsvar med dagens tilskotsordning.

Med helsing

Anne Hjermann
Utdanningsdirekt r

Siren  kland Vard y
r dgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Helle Kristin Jensen

